



Torunn Nilsen
Skjelangervegen 770
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/651 - 17/9649

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:
11.05.2017

Utsetjing av arbeidsfrist for tilskot til drenering på GBNR 53/1 og 57/1

Administrativt vedtak. Saknr: 132/2017

Saksutgreiing:

Torunn Nilsen fekk i sak 134/2015 løyvd tilskot til drenering med frist 30.04.2017. På grunn av mangel på grøftemassar frå grusuttaket og dårleg ver har dei ikkje fått ferdigstilt arbeidet. Ho søker difor utsetjing av arbeidsfrist.

Vurdering:

I følgje landbruksdirektoratet sitt rundskriv 2016/10 må tiltaket vera gjennomført innan 3 år. Søklar er komen godt i gang med grøftinga og ynskjer å ferdigstilla Tilskotet vart løyvd 27.04.2015, og kommunen har høve til å gje inntil tre års arbeidsfrist jf § 5 i forskrift om tilskudd til drenering.

Kommunen vil godkjenne at arbeidsfristen vert forlenga. Innhaldet i vedtaket 134/2015 er elles gjeldande som før.

Vedtak

Meland kommune godkjenner at arbeidsfristen for tilskot til drenering sett i sak 134/2015 vert endra til 26.04.2018 jf § 5 i forskrift om tilskot til drenering.

Vedtaket er eit enkeltvedtak og kan påklagast jf fvl §§28-36

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

5020

BERGEN